

Stavanger Kammermusikkfestivalen 16.–21. august

Pompe og Pilt- festivalen

«Vi lar musikarar møtast. Vi trur det blir sterke inntrykk,» seier Jan Bjøranger, til venstre) Her saman med Christian Ihle Hadland, den andre delen av det kunstnariske vi-et. FOTO: CARINA JOHANSEN

► Årets kammermusikkfestival er like blotta for samanheng som 70-talsserien

Pompe og Pilt, ifølgje Jan Bjøranger. Han er kunstnarisk leiar for det heille, saman med Christian Ihle Hadland.

STAVANGER

– Vi har på litt arrogant vis forkasta det med overordna tema, ja, seier Jan Bjøranger, fiolinist, leiar for ensemblet 1B1, og ny kunstnarisk leiar for kammermusikkfestivalen.

– Vi er meir ein slags Pompe og Pilt-festival; den som prøver å finna ein overordna samanheng, kan fort koma til å oppleve det som ganske surrealistisk. Vi har heller gått for enkeltstående opplevingar. Samla ein del fantastiske musikarar som vi trur vil ha det spennande saman, og skapa sterke uttrykk.

– **Det er vel kanskje tilbake til sjølv musikken og her og nå – «Høyr på dette, bare høyr på det»?**

– Ja, det kan ein også seia. Eg har tidlegare vore med på slike tema. Det kan bli veldig premissøst når ein skal prøva å forklara samanhengen mellom temaet og musikken ein

faktisk skal spela. Det kan vera vakkert. Eller komisk. Vi lar musikarar møtast. Så kan ein heller ta dei inntrykka som kjem. Vi trur det blir meir upremisøst slik.

– **Kva er kammermusikkfestivalens sjel?**

– Oj. Kva som er sjela? Det er i utgangspunktet ein ganske konservativ festival. Men sjølv sjela, det er jo Truls Mørks rolle og funksjon frå starten. Han er uvurderleg. Truls fekk fantastiske musikarar til Stavanger, i kraft av sitt eige kunstnarskap. Den gongen var det noko heilt ekstraordinært. Dei kom til Norge på lågkost, blei her i ei veke, og spelte fantastisk musikk. Det sette ein veldig, veldig høg standard. Eg hugsar ikkje heilt kven som er eldst, Stavanger eller Risør, men det var desse to festivalane som klarte dette. Nå er publikum blitt godt vant, det finst mange fleire musika-

rar i Norge av høg standard, som igjen får fleire musikarar frå utlandet hit. Like fullt er dette attraktivt og gir festivalen i Stavanger sin eigenverdi. Eg syns også den set sitt tydelege preg på byen, den veka den utspelar seg. Men samtidig – her er det litt å henta.

– **Korleis har det vore å samarbeida med Christian Ihle Hadland?**

– Heilt fantastisk. Han er eitt av dei mest intelligente menneska eg kjenner. og veldig leken og kreativ av natur. Mens eg jobbar mest som ensemblemusikar, jobbar han som solist, eller i meir intime grupper. Vi har ein djup, grunnleggjande respekt for kvarandre.

– **Sjolv er du kjent for å få ting til å skje rundt deg. Kva vil du få til å skje her?**

– Eg prøver å ta med meg min eigen nysgjerrigheit inn i dette. Eg er ikkje redd for å prøva



noko nytt, eg har ein trong til å finna nye soner. Eg er på jakt etter å gjera denne musikken til eit meir naturleg innslag i fleire settingar. Då vi i 1B1 var i New York nettopp, spelte vi både i studio og utandørs. Det siste krev PA-anlegg, for å gi lyden meir volum. Nokre sårne grep leitar eg etter. Vi skal ha to kveldar i Zetlitz-salen. Den blir kanskje ikkje rekna som veldig intim, men vi skal laga det til ein kafé- og klubbkveld. Der du kan sitja ved bord, koma og gå, kjøpa deg noko å drikka. Eg har gjort det før, på andre festivalar. Då har det fort blitt hjarta i festivalen, staden publikum og musikarar oppsøker og møtes.

– Her har Domkyrkja vore hjarta i festivalen?

– Ja, Domkyrkja er verkeleg hjarta. Det har det alltid vore. Det er jo også eit rom med sine utfordringar. Men det skapar også ein heilt spesiell atmos-

fære. Den er vi oppteken av å ta vare på. Men vi vil også skapa eit miljø litt utanfor dei vante sonene. vi bruker Zetlitz, Sola Ruinkyrkje, Skur 2.

– Det er ikkje veldig langt utanfor dei vante sonene?

– Nei, det er ikkje akkurat kjøpesenter. Men Zetlitz blir faktisk eit nokså radikalt grep. Eg er oppteken av intimitetskjenning i denne musikken, eg er interessert i å gjera meg erfaringar om korleis det vil verka i ein sal som Zetlitz. Likevel vil eg ha med meg historia, eg vil ikkje støyta nokon bort, bare opna for undring, for nysgjerrigheit.

– Kva gler du deg mest til sjølv?

– Då må eg jo først seia at eg elsker alle musikarane som kjem. Men eg er utruleg svak for den typen vokalmusikk som Ars Nova står for. utan å seia noko galt om operasongarar. Men når ein tenkjer en-

Historie

► **Kammermusikkfestivalen i Stavanger**, eller International Chamber Music Festival (forkortet ICMF), er en festival for kammermusikk som arrangeres hvert år i Stavanger i midten av august. Festivalen ble arrangert første gang i 1991 etter initiativ fra Truls Mørk og oboisten Gregor Zubicky. Programmet er satt sammen av internasjonale og nasjonale solister og ensembler.

KILDE: WIKIPEDIA

semble med stemmen - det er jo nært det estetiske eg sjølv jobbar med. eg kan bli utruleg bevega av kva ein kan få ut av stemma når ein tenkjer og jobbar slik.

– Den største risikoen då?

– Vi har ein del risikoprojekt. Det vi skal gjera saman med den egyptiske musikaren Yasmine el Baramawy (som spelar oud, ein korthalsa lutt, red. anm.), for eksempel. Eg veit overhovudet ikkje korleis det kjem til å bli. Eg er også spent på Zetlitz, reint estetisk, om det vil funka. Og så har vi avslutningsdagen, der vi skal spela Sjostakovitsj- cellokonsert saman med Clemens Hagen, og fantastiske blåsarar frå Berlin. På ein litt ny måte. Det blir spennande. Og musikalske veldig krevjande.

Kammermusikkfestivalen opnar tysdag 16. august.

SOLVEIG GRØDEM SANDELSON
solveig.sandelson@aftenbladet.no



En slags guide

Vil du ha med deg litt av alt? Litt intimt, litt storslagent, litt med laus snipp? Her er ein slags guide

Kammermusikkfestivalens sjel

► Gå på konsert i Domkyrkja. Det er det som er hjarta i festivalen. **Opningskonserten tysdag klokka 1900** er det kanskje ikkje så mange billetter igjen til, men du kan prøva. Romantisk piano og stryk frå komponisten Gabriel Fauré, litt spinklare, men fyrrig barokk innimellom, før det blir skikkeleg høgtrykk med orgel, paukar og 1B1-ensemblet frå Poulenc til slutt. Eller gå **klokka 14 på lørdag**. Med Mozart og Mendelssohn, pianotrio og strykekvintett på programmet, blir du tatt rett inn i kammermusikkens kjerne. Og det er Christian Ihle Hadland som styrer Mozart frå pianokrakken.

Intimt

► Vil du koma nært på?

Dersom du har sjanse til det, kan du skubba deg inn på **Skelloftet på Sandnes klokka 15 på fredag**, eller i **Skur 2 i Stavanger klokka 13 på onsdag eller torsdag**. Færre musikarar, meir gjennomskiktig musikk.

Voldsomt intimt

► Du bør nesten koma deg til **Utstein Kloster fredag kl. 2100**. Den danske kammerkoret Ars Nova har heile konserten der. Veldig gammal musikk, og ganske ny. Sannsynlegvis ganske overveldande. Like intimt, men meir forsiktig, blir det med gitarar, cembalo og blokkfløyter i **Sola Ruinkyrkje klokka 2200 torsdag kveld**.

Tilbakelent

► Vil du gjerne ha mat også, så du er sikker på du får noko ut av dette, uansett kva du syns om konserten? Du kan få lunsjbuffet og musikk på **Sola Strand Hotell** eitt par dagar. Vert er Jan Fredrik Heyerdahl, som sikkert mange kjenner frå NRK P2. Dette er visst nok for dei som har levd ei stund. Kjenner du deg bare meir gammalmodig enn andre meiner du burde vera, vil du sikkert også trivast her.

► Eller gå i **Zetlitz 2130 onsdag eller 2000 lørdag**, for ein slags kafékveld og intelligent gjennomtenkt leikestove for musikarane. Du kan koma og gå, bli overraska, og kjøpa deg noko å drikka.

► Eller du kan stikka innom konservatoriebygget i Bjergsted, det ned til høgare når du går inn hovudporten. Der er det gratis foajékonsertar på tidleg ettermiddag fleire dagar.

Den utvalde

► **Avslutningskonserten søndag klokka 17 i Domkyrkja**. Den bør det gå gjetord om etterpå. Clemens Hagen, ein av verdas fremste cellistar og kammermusikarar, og det er ikkje tull, spelar Sjostakovitsj cellokonsert saman med 1B1. Det blir stort. Dessutan får du både Jan Bjøranger, Christian Ihle Hadland, Lars Anders Tomter og Clemens Hagen på ein gong heilt til slutt. Dei skal spela Brahms. Folk kjem ikkje til å vera heilt seg sjølv rett etterpå.

Vil du gjera deg opp di eiga mening? Sjå fullstendig program på www.icmf.no